

Fra: Marte Raknerud Hoel <marrh@statsforvalteren.no>
Sendt: torsdag 13. april 2023 12:13
Til: Post Osterøy
Emne: Invitasjon til Nødnett sambandsøving 27.april kl 13.00

Til rådmenn/kommunedirektører og beredskapskontaktar

Vi held fram med dei korte Nødnett sambandsøvingane i 2023 og inviterer rådmenn / kommunedirektører, beredskapskontaktar og andre som har ei rolle i KKL til sambandsøving.

Neste øving er planlagt til **torsdag 27.april kl. 13.00 – 13.30**

Øvinga er tenkt som eit lågterskeltilbod til dei som ønskjer å trene på heilt grunnleggjande bruk av radioterminalen. Øvinga er tiltenkt dei som ikkje brukar samband til dagleg og vi brukar maks 30 minutt på øvinga.

I april skal vi øve på bytte av talegruppe og sjå litt på bruk av ISSI-nummer. Vi sender ut dreieboka og litt meir informasjon før øvinga.

Viss de har fleire radioterminalar så kan fleire vere med å lytte, men vi ønskjer i utgangspunktet at berre **ein terminal per kommune** svarar på anrop.

Send tilbakemelding per e-post til underteikna (marte.hoel@statsforvalteren.no) om de ønskjer å delta på øvinga (siste frist er rett før øvingsstart).

Vel møtt på øvinga!

Helsing

Marte Raknerud Hoel

Statsforvaltaren i Vestland v/ beredskapsseksjonen